



Øyvind Landsvik  
Breivikstølen 25 H  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3008 - 21/37833

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
04.06.2021

## **Avvist søknad om arealoverføring og dispensasjon - gbnr 351/13 Landsvik**

**Administrativt vedtak: Saknr: 643/21**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4 vert søknad om arealoverføring av om lag 228m<sup>2</sup> frå gbnr 351/13 til gbnr 351/151 avvist.**

**Når søknaden er avvist vert saka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### **Saksutgreiing**

#### **Tiltak**

Det vert vist til søknad motteken 03.05.2021 og utsendt brev frå oss datert 28.04.2021 og 18.05.2021.

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 228 m<sup>2</sup> frå gbnr.351/13 til gbnr 351/151. Det er også søkt om dispensasjon frå arealformål i kommunedelplan Meland.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er sett av til LNF formål.

### **VURDERING**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå storleik på tomt til fritidsbustad, punkt 1.6.14 i kommunedelplan for Meland.

Kommunen sende ut brev den 28.04.2021 der dette vart etterspurt. Frist for innsending var sett til 30.05.2021.

2. Areallet ligg innanfor byggegrense mot sjø. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå pbl. §1-8.

Kommunen sende ut brev den 18.05.2021 der dette vart etterspurt.

Då vi ikkje har motteke tilleggsdokumentasjon vurderer vi at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at søknaden kan takast til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

#### **Aktuelt regelverk**

- Oppretting av ny grunneigedom er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-2, jf. 20-1 bokstav m).
- Du kan søkje om tiltaket på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav d).
- Søknaden må vere i samsvar med lov, forskrifter og plan, jf. pbl § 26-1.
- Søknaden må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-2.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 21/3008

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jens H N Bjordal  
Øyvind Landsvik

Grønlandsvegen 11  
Breivikstølen 25 H

5918  
5179

FREKHAUG  
GODVIK